

Til
Helse- og omsorgsdepartementet
mail: postmottak@hod.dep.no

Høyringsvar om utmåling av overtredelsesgebyr etter alkoholloven mv.

Me viser til invitasjon til høyring om ny forskrift for utmåling av overtredelsesgebyr etter alkohollova.

Hardangerrådet er eigd av Hardangerkommunane og ordførarane er rådsmedlemmer. Det heilt unike og utgangspunktet for all produksjon av saft og sider er dei lokale råvarene, eplene, produsert lokalt på kvar sin gard rundt Hardangerfjorden. Dette er noko heilt anna enn der dei produserar på kjøpte råvarer frå inn- og utland. Denne lokalproduserte sideren er i dag ei stor og viktig næring i Hardanger, fordi me er ein fruktregion med mykje epler, og det er 25 profesjonelle produsentar av frukt, saft og sider. Me forstår at alkohollova står fast og er politisk forankra som eit gode for landet vårt. Men siderproduksjon bringer noko nytt til bordet, den lokalproduserte sideren, og det bør således utgreiast nye forskrifter som også tek vare på denne næringa tufta på lokale epler, produsert med lange tradisjonar og som ikkje berre gjer det attraktivt å driva gard, men også trekkjer til seg nye aktivitetar og gjer Hardangerregionen meir attraktiv å leva og bu i.

Hardangerrådet har følgjande merknadar til forslaget til forskrift.

1. Mangfold av drikkevareprodusentar.

Me opplever at forskrifta ikkje er tilpassa for å reflektera mangfaldet av drikkevareprodusentar i Noreg. Dette er tilpassa store aktørar, importørar og liknande, men ikkje landbruksbaserte bedrifter der alkohol utgjer berre ein andel av næringsdrifta, samt der gardsturisme, kultur- og historiefremming og opplevingar står sentralt i produkta.

2. Grunnlaget for utmåling av overtredelsesgebyret

Grunnlaget for ei utmåling av overtredelsesgebyret tek i forslaget utgangspunkt i verksemda sin omsetnad. Dette er ein lite treffande metode for våre siderprodusentar. Dei aller fleste av våre produsentar har utgangspunkt frå gard, der dei produserer og foredlar råstoffa sine, i hovusak eple. Ein del har det meste av omsetnaden sin gjennom sal av alkoholhaldig drikke(sider), men mange har fleire inntekter, slik det tradisjonelt er på gardar i Noreg. Slike inntekter er til dømes sal av konsumfrukt til Bama eller Coop, reiselivsopplevingar, skogsdrift osv.

At til dømes sal av eple og plommer til ferskvareriskar i butikk, skal telle med i grunnlaget for overtredelsesgebyr synest ulogisk og er etter vårt syn også urimeleg. Vårt innspel er at utmåling av gebyret tek utgangspunkt i omsette varer av alkoholhaldige drikker.

Sidan det er særavgifter knytt til omsetning av alkoholhaldige drikker, så vil også omsetninga på sidergardane våre vere høg. Særavgiftene er eit nullsumspel i drifta av verksemdene, men bidreg betydeleg til å auke omsetnaden, og dermed grunnlaget for utmåling av overtredelsesgebyr.

3. Todeling av øvre ramme ved utmåling av overtredelsesgebyret

Me støtter forslaget om ei individuell utmåling. Det me derimot stiller oss undrande til, er forslaget om ei todeling av øvre ramme, med ei høgare øvre ramme (5%) for brot på alkoholreklame. Slik me les høyringsnotatet, vil det ligge ei individuell vurdering til grunn i

kvar sak, der blant anna alvorlegheitsgraden i overtredelsen skal vurderast. Slik sett kan heile forskrifta ha ei felles øvre ramme, sidan ulike sider ved sakene uansett skal vurderast før gebyret vert utmålt.

4. Rettleiing og vurdering av alvorlegheitsgrada på brot

Fagutvalet støttar at det må lagast ein god rettleiar. Me ynskjer det også skal synleggjerast kva som vil vurderast som grove brot og kva som er mindre brot og direkte feilskjær.

HARDANGERÅDET
Eidfjord kommune
Kvam herad
Ullensvang kommune
Ulvik herad

Hardanger, 09.05.2023

Roald Aga Haug
Rådsordførar
Hardangerrådet

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar
Hardangerrådet